



Saksbehandlar: Annlaug Helene Kjelstad, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 15/10778-7

## **Framlegg til Regional Planstrategi 2016-2020 - utlegging på offentleg høyring**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Regional planstrategi for 2016 – 2020, med vedlegg, vert lagt ut på høyring med heimel i plan- og bygningslova § 7-2. Planstrategi vert lagt ut slik den ligg føre dagsett 18.02.16.
2. Høyringsperioden vert frå 07.03 til 28.04.16.
3. Fylkesutvalet ber om at høyringsuttalane vert rimeleg konkrete m.o.t utfordringar, planbehov og eiga forplikting i gjennomføring av planarbeidet.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

- Utkast til høyring av *Regional planstrategi for 2016 – 2020*, dagsett 18.02.16
- Kunnskapsgrunnlag og utfordringar m/lenke til helseovervakainga
- Evaluering av gjeldande planar og strategiar
- Nasjonale forventningar – korleis svarar fylket på forventningane?

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Oversikt over mål og strategiar i gjeldande planar.

Oppsummering av dialogmøte med regional stat og regionale aktørar, ungdom og med lag og organisasjoner.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Framlegg til Regional planstrategi for perioden 2016 – 2020 vert lagt ut på høyring. Strategien svarar på definerte utfordringar og nasjonale forventningar til regional planlegging.

Planstrategien kjem med konkrete framlegg til revisjon av gjeldande planar, avvikling av gjeldande planar og utarbeidning av nye regionale planar. Planstrategien legg og føringer for gjeldande planar og anna strategiarbeid gjennom å definere eit målbilete for perioden.

### **2. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

Plan og bygningslova § 7.1, set krav til regional planmynde (fylkeskommunen) om å konkretisere kva for plantype og kva strategiar fylket skal prioritere å jobbe med neste 4-årsperiode.

I tillegg skal planstrategien dekke eit regionalt behov for å ta nokre val om utviklinga desse åra, som kan bidra til å føre fylket i ynskt retning. Planstrategien er ikkje ein regional plan med

konkrete tiltak og mål, men skal være så tydeleg at den gjev retning for bruk av verkemiddel og grep som er naudsynte, ut frå dei utfordringane som er gjort i arbeidet med planstrategien.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Regional planstrategi for gjeldande periode vart vedteken 13.10.12. Som del av vedtaket står det om Regional planstrategi for 2016 – 2020: Start 2015 og vedtak i FT i 2016. Det har ikkje vore formelle handsamingar i arbeidet, men planutvalet har drøfta saka og gitt føringar undervegs:

- 17.08.15: Arbeidsdokument 1/15, Regional planstrategi 2016–2020, Organisering og utfordringar.
- 04.11.15: Arbeidsdokument 2/15 - Regional planstrategi 2016-2020 - Mål og målbilete.
- 27.01.16: Orientering om arbeidet og tilbakemeldingar frå samarbeidspartane.

#### Sentrale problemstillingar

Plan- og bygningslova set store krav til arbeidet med regional planstrategi. Det skal skje i samarbeid med kommunar, statlige etatar, organisasjonar og institusjonar. Det har vore krevjande å etablere ein systematisk og forpliktande prosess i ei tid med store reformer som krev merksemd og tid. I og med at statlige og regionale organ og kommunane skal legge den regionale planstrategien til grunn for eige planarbeid, er det avgjerande at dei kjenner seg igjen i utfordringane og at dei kan sjå si rolle i å bidra til å møte utfordringane framover.

Planstrategien gjer greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurderer kva som kan være moglege langsiktige utviklingar og konkretiserer langsiktige utviklingsmål for fylket. Med dette som bakgrunn er det gjort framlegg til kva behov det er for vidare regionale planar og strategiarbeidet. Det har vore eit mål i seg sjølv og ikkje gjere framlegg om nye regionale planar utan at det er definert relevante og tydelege problemstillingar og utfordringar.

Dei sentrale problemstillingane og utfordringane våre er knytt til område som vart peika ut av planutvalet hausten-15. Kunnskap om desse utfordringane er omtalt under 5 ulike overskrifter:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og integrering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringar og behov for klimaomstilling.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Planstrategien har seg sjølv har ingen økonomiske eller budsjettmessige konsekvensar, men den legg føringar for ressursbruken framover. Gjennomføring av dei ulike planarbeida vil kunne krevje ressursar som mår vurderast som lekk i dei årlege budsjetthandsamingane.

Arbeidet med revidering av regional transportplan har starta opp. Arbeidet vert i utgangspunkt finansiert innafor den budsjettmessige ramma. Dette er gjort under føresetnad av at det vert tilsett trainee (godkjent og lyst ut). I tillegg kan det bli behov for innkjøp av konsulentbistand hausten 2016 ut over det som ligg i ramma. Dette er klårgjort i den aktuelle saka.

Arbeidet med strategisk plan for kysten vil truleg vere avhengig av ressursar ut over det som ligg i budsjettet. Fylkeskommunen må her vurdere å vere med å finansiere ei prosjektstilling i eit spleislag med andre regionale aktørar, kommunane og næringslivet. Fylkesrådmannen vil måtte vurdere å kome tilbake med ei sak om finansiering når det ligg til rette for dette.

Regional plan for vassforvaltning vil skje innafor dei økonomiske rammene som ligg i gjeldande budsjett og økonomiske tilskot frå staten.

#### Rettslege konsekvensar

Regional planstrategi gjev ingen rettslege føringar for aktørane eller innbyggjarane i fylket.

## Prosess og organisering av arbeidet

Arbeidet er gjennomført med brei deltaking fra partnarskapen og det er gjennomført separate møte med dei ulike interessegruppene og aktørane i fylket. Vi trur at den breie medverknaden vil styrke grunnlaget for strategiane for fylket og viljen til å delta i det vidare utviklingsarbeidet. Det er nytta arenaer vi skal vidareføre for dialog mellom sentrale partar i samfunnsutviklinga. Eksternt er Planforum nytta i tillegg til separate dialogmøte. Regional stat, saman med andre regionale aktørar, har bedt om eige Planforum med Planstrategi som tema i høyringsperioden. Internt (i fylkeskommunen) er arbeidet organisert med ei eiga gruppe. Prosessen har ført til styrka kompetanse på plan- og utviklingsarbeid.

## Nasjonale forventningar til regional planlegging

Planstrategisen svarar på dei viktige forventningane ststen har til regional planlegging. Vi har vore tydeleg på utfordringane og knytt plan- og strategiarbeid direkte opp til dette. Eit viktig nasjonalt mål er å gjere planlegginga mest mogleg målretta i høve definerte behov. Korleis vi svarar på dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, går fram av eige vedlegg.

## Tilhøve til aktuelle reformer

Arbeidet med planstrategien har skjedd i ei tid med store reformer som har tatt tid og krefter fra samarbeidspartar. Arbeidet har tatt omsyn til dette, samtidig som vi har forankra arbeidet og ut-arbeida kunnskapsgrunnlaget ut frå felles utfordringar – dette som eit fundament for kommunar og andre, uavhengig av nye strukturar og andre endringar.

## Plankonsekvensar

Planstrategien legg føringer for kva for planarbeid vi skal prioritere å jobbe med i perioden. I dette ligg det og inne konsekvensar for vedtekne planar, som kan bli avvikla eller erstatta av andre planar. Planstrategien gir og føringer for planar som vert ført vidare, ved å peike på behov for å gjere justeringar eller tilpassingar. Planstrategien legg og til ei viss grad føringer for arbeidet med revidering av handlingsprogram for gjeldande planar.

I eige vedlegg er det gjort ei evaluering av gjeldande planar. Konklusjonane frå denne evalueringa er at følgjande planar vert avvikla eller erstatta av nye planar i perioden:

- Fylkesdelplan for arealbruk – Vert erstatta av andre planar
- Regional transportplan – Revidert i tråd med tidlegare vedtak i FU.
- Fylkesplan for klima og miljø – Vert revidert med nye mål og strategiar
- Regional plan for fysisk aktivitet vert revidert i løpet av perioden
- Regional plan for vassforvaltning vert revidert i tråd med nasjonale føringer

## Nye planar i planperioden

### *Strategisk plan for kysten*

Fylkestinget vedtok i førre planstrategi at fylkesrådmannen skulle gjennomføre ein prosess med kystkommunane for å starte opp eit slikt planarbeid. Det er gjennomført slike prosessar og det er eit felles ynskje frå kystkommunane at planarbeidet vert sett i gang og at det vert sett av økonomiske ressursar til å gjennomføre det innafor ei avgrensa tidsramme.

### *Regional plan for senterstruktur og tettstadsutvikling*

Utfordringane peikar på svak folke- og arbeidsplassvekst. Ein av strategiane ser ut til å kunne vere å støtte opp under regionforstørring, der det er stort nok folketal og store nok pendlarstraumar for å få dette til. Sunnfjordregionen og Sogndalsregionen ligg tett opp til kriteria for å kunne få til ei regionforstørring. Når ein region når opp til desse kriteria, vil dei i seg sjølv ha nok «tyngde» til å trekke til seg folk, nye arbeidsplassar og investeringar.

For fylket som heilskap vil ikkje slike strategiar i seg sjølv være nok. Strategiane på dette området må handle både om styrking av naturlege regionsenter og mogleg utvikling for mindre sentrale område i fylket. Ein samla måte å møte dette på, kan være å utarbeide ein regional plan for senterstruktur og tettstadsutvikling. Dette betyr at det vert gjort konkrete vurderingar av ulike sentra og omlandet, og kva for styrkar desse har som dei kan utvikle saman. Gjennom ein slik plan vil det og være mogleg å gjere fylkesvurderingar for lokaliseringar og

fellesfunksjonar, og korleis desse best mogleg kan være ein støtte til utvikling av dei ulike områda. Jfr. diskusjonane omkring lokalisering av oppgåver frå Kulturrådet, økonomitenester for Politidirektoratet m.m. Hordaland fylkeskommune har nett gjennomført eit slikt planarbeid.

#### *Regional plan for kultur*

Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har nye regionale kulturplanar med handlingsprogram, og Møre og Romsdal har ein fylkesplan der kultur er ein av 4 satsingsområde. Planane gir gode døme på korleis ein kan nytte planverktøyet for å kople kultur med utfordringane omkring migrasjon, integrering, bulyst og attraktivitet i lokalsamfunna. Ein regional plan vil kunne erstatte fleire fylkeskommunale strategiar. Det er kanskje særleg arbeidet inn mot tredje sektor (det sivile samfunn), og korleis mobilisere dei i ei samfunnsutvikling som møter utfordringane.

#### Samla framlegg til planarbeid i perioden

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Nye planar:</b>					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan eller interkommunale planar for senterstruktur og tettstadsutvikling?					
Regional plan for kultur					
<b>Revidering/rulling av eksisterande planar</b>					
Regional transportplan					
Regional plan for fysisk aktivitet					
Regional plan for vassforvaltning					
Fylkesdelplan for klima og miljø					

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner at framlegg til regional planstrategi for 2016 – 2020 er eit godt grunn-lag som høyringsutkast og rår til at det vert lagt ut på høyring slik det ligg føre.

Fylkesrådmannen er samtidig bekymra for det samla tal planar og dei ressursar dette vil binde opp i organisasjonen. Gjennom høyringa bli det viktig å få tydelege signal frå aktørane om deira forplikting og deltaking i arbeidet med spesifikke regionale planar. Utan god forankring og tilslutnad frå partnarskapen, vil det være vanskeleg for fylkesrådmannen å følgje opp dei ambisjonane vi skisserer i denne saka.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑